

Avinor Flesland v/Linda Forstrønen

Dato: 21.11.2016  
Vår ref.: 2016/34268-3  
Saksbehandlar: einhuns  
Dykkar ref.:

## Stønad frå Klimasats til prosjektet "Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde" - samarbeid med Avinor Flesland

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune har fått tilsegn om tilskot til prosjektet «Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde» frå Miljødirektoratet. Det er budsjettert med kr. 812 438 i tilskot til delprosjektet på Flesland som Avinor har ansvar for. Tilskotet kan ikkje utgjere meir enn 50 % av dokumenterte kostnader.

Vidare stadfestar vi at fylkeskommunen løyver inntil kr. 300 000 til same delprosjekt. Tilskotet er ein del av fylkeskommunen sin strategi for overgang til låg- og nullutsleppsteknologi i transportsektoren i Klimaplan for Hordaland.

Sjå vedlagte prosjektplan – ein oppdatert versjon som tek omsyn til tilsegna frå Miljødirektoratet.

**Vi ber dykk oppmode om utbetaling på kr. 812 438 (statleg tilskot) innan tre veker. Det fylkeskommunale tilskotet vert utbetalt etter ferdigstilling i 2017.**

- **Send tilbake akseptskjema med underskrift.**
- **Send elektronisk faktura til Hordaland fylkeskommune. Sjå rettleiing på våre nettsider: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/#theme>. Bruk ressursnummer 160187.**

Miljødirektoratet har sette frist for sluttrapport I om prosjektet 25.09.17 og sluttrapport II om erfaringar eit år etter tiltak 25.10.18. Avinor Flesland må stille relevant informasjon til rådvelde for sluttrapportane.

### 1. Prosjektgrunnlag

Formål med prosjektet er å gjere utsleppsfrie drosjetenester tilgjengelege i Bergen køyreområde. Hordaland fylkeskommune vil etablere ladeinfrastruktur for drosjar ved Bystasjonen og Avinor Flesland ved lufthamna. Samstundes etablerer Taxi 1 AS ladestasjonar på eget område og investerer i 10 elektriske minibussar. Ladeinfrastrukturen skal vere tilpassa denne fyrstebbrukargruppa.

Sjå elles prosjektplanen.

### 2. Prosjektorganisering

Ladeinfrastrukturen skal berre vere tilgjengeleg for drosjar. Dei ulike eigarane av ladeinfrastruktur har ansvaret for etablering og å organisere drift og betalingsløyising.

Regionalavdelinga i fylkeskommunen bistår fagleg og koordinerer planlegginga, finansieringa og rapporteringa.

### 3. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

For heile prosjektet, sjå prosjektplan. Her synast delprosjektet på Flesland som Avinor har ansvar for:

#### Godkjende kostnader

Delprosjekt Flesland	kr	1 624 875
	kr	
	kr	
	kr	
	kr	
Sum	kr	1 624 875

#### Godkjend finansieringsplan

Avinor Flesland	kr	512 438
Hordaland fylkeskommune	kr	300 000
Miljødirektoratet	kr	812 438
	kr	
	kr	
Sum	kr	1 624 875

### 4. Vilkår for tilskotet

Tilsegnsinntakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.

Tilsegnsinntakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsinntakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

#### Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta skal tilsegnsinntakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

Sluttrapporten skal seie noko om:

- Oppnådde resultat
- Vurdering mot oppsette mål
- Oppsummering av prosjektarbeidet  
(organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)

#### Utbetaling

Tilsegnsmottakar oppmodar om utbetaling av statleg tilskot no. Så snart prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport og signert sluttrekneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling av fylkeskommunalt tilskot.

Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

## **5. Klage/innsyn i dokumenta**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## **6. Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Einar Aalen Hunsager, e-post [einar.aalen.hunsager@hfk.no](mailto:einar.aalen.hunsager@hfk.no), telefon 55 23 93 22.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø  
klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Utbetalingsansvarleg RA

Vedlegg

- 1 Prosjektplan "Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde" versjon 2
- 2 Akseptskjema - Stønad frå Klimasats til prosjektet "Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde" - samarbeid med Avinor Flesland

- 3 Sluttregneskapsskjema - Stønad frå Klimasats til prosjektet "Ladeinfrastruktur for drosjar i Bergen køyreområde" - samarbeid med Avinor Flesland
- 4 Tilsegn - søknad om tilskot til - Ladeinfrastrukturfor drosjar i Bergenkøyreområde - Avtalenummer1601100